Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. nr. 18 — Fylke: Sogn & Fjordane

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Stryn

Emne: Juletre og julehalm — Bygdelag:

Oppskr. av: lærar Per Solheim — Gard:

(adresse): Oppstryn — G.nr. — Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Bonde Klaus Berge 87 år gamal - Oppstryn.

SVAR

1. Ja, juletreet er vanleg i bygdene her.

2. Klaus Berge - Oppstryn - 87 år gamal - hugsar at juletreet var nytta for første gang i Vanylven - Nordfjord i 1884. - Tilstellinga var helst den gongen for tenarane på ein stor-gard der. - Elles er det ikkje kjendt noko fast tid då juletreet vart teke i bruk her i Nordfjord.

3. Noko fast kan ein ikkje halda seg til, - men det er truleg at treet først vart brukt i heimane.

4. Det er kjendt at det vart brukt ein stor lysstake på bordet og han vart pynta med papir- og töy band, - alt i sterke fargar. Banda var heimelaga.

5. Då juletreet vart teke i bruk, vart helst berre treet pynta. Men i seinare tider har ein

4190

fünne at ein pyntar mei og meir
stovene også med kvister og papir.
Dette blir hengd over lamper, lyse-
krüner o. m. slikt. –

6. Det er ymse storleiker på treet. Ein
brükar store som står på golvet
desse er cā. 2. m höge. – Sume brükar
små tre som står på bordet. Desse
er mellom 1/2- og 1 m höge.

7. Pyntet i treet er i dag küler,
lekkjer, glitter og flagg-lekkjer.
Dessütan med „spir" eller „stjerne" i
toppen. Omkring toppen står gjerne
3 flagg. Flagg- og glitter-lekkjene
heng ned frå toppen og rekk
heilt mot nedste greinene. Vanlege
stearinlys er mest vanleg. – men i
første tider då jületreet er kjendt
her var ikkje „stasen" slik. Der
vart sett berre eit lys på og det
stod i toppen av treet. Pyntet
var elles papir, metall-stykke og
ikkje å glöyma bröd-menner og bröd-
koner og kringler.

8. Det er oftast dei vaksne som pyntar
treet, men noko fast regel er det
ikkje. Borna får også höve å vera
med i den gjerda.

9. Dette er svara på før. I sume heimar
finn ein det på bordet som helst
står ved veggen. Når det står på

golvet, står det og helst i ei krå eller ved eine veggen. Når det så blir brukt dreg ein det midt fram på golvet.

10. Nei, ein kjenner ikkje til at ein kveikjer lysa berre ved visse kveldar. Ein kveikjer dei sjølsagt desse kveldane som jule- og nyårskvelden, men òg ved andre högtider som t.d. gjestebod i heimen. -

11. Det er vanleg å gå kring treet å syngja salmar. Vanlege songar er endå ikkje vanleg her.

12. Juletreet blir ståande ofte til sjuande dag jul. I förste tider vert det sagt at juletreet vart nedtekke julekvelden når det var brukt. Dette visst av di at pyntet var bröd og dette skulle etast julekvelden, - og så vart juletreet ned-plukka igjen.

13. Ein seier „ta ned juletreet". Det er ofte borna som får gjera dette.

14. Vanlegaste er gran. Men furu og einer er også nytta. -

15. Ikkje aktuelt her.

16. Nei, ein sette ikkje opp tre ute.

4190

4 1. Ja, ein hadde halm på golvet jule-
kvelden så alle skulle få liggja inne
i stova.
2. Halmen vart berre kasta utover.
4. Ein låg oftast 2 – 3 neter i
halmen i stova. Ein burde liggja
saman desse netene då det var det
eine trygge andsynes tussar og troll.
Tenarane og borna låg elles oftast i
fjøset og dei burde dei ikkje gjera
desse jule-netene. – Det var farleg det for
dei. –

4190

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING